



Invitasjon til fagdagar for barnehage og skule 14.10. - 15.10.2015

Mobbing og krenkande åtfærd er eit hovudsatsingsområde for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2015. Oppvekst og utdanningsavdelinga arrangerte i mai ein fagdag for barnehage- og skulefagleg ansvarleg i kommunane og PPT, der temaet var stopping og avdekking av mobbing. Vi ønskjer denne gongen å rette fokus mot det førebyggjande arbeidet mot mobbing og krenkande åtfærd.

Prosjektet *Lærande regionar* har undersøkt kva som gir gode skuleresultat. På fagdagan får vi vite meir om kvifor Sogn og Fjordane har gode resultat på nasjonale prøvar.

Kommunereforma er også eit av oppfylgingsområda til Fylkesmannen. Kva for skulefagleg og barnehagefagleg kompetanse som trengs i dei nye kommunane er eit tema det er nyttig å sjå på og drøfte allereie no.

Onsdag 14.10.2015: Felles dag for barnehage og skule

Målgruppe:

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i kommunane, eigarar av private skular og ikkje-kommunale barnehagar, leiarar i barnehage og grunnskule, Fylkeskommunen, PPT-leiarar, KS, Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet.

Tema: *Relasjonskompetanse som førebyggjande verkemiddel mot mobbing* ved Jan Spurkeland. I internasjonal forskningslitteratur blir dei nære relasjonane og interaksjonane framheva som særleg viktige for barn sin tryggleik, trivsel, utvikling og læring. Få av oss er nok ueinige i det. Likevel kan vi av og til møte på relasjonelle utfordringar i barnehage- og skulekvardagen. Det kan vere at relasjonen mellom den vaksne og barnet blir satt på prøve av utfordrande åtfærd, harmonien i gruppa blir forstyrra, det kan vere plaging og utestenging. I nokon tilfelle kan vi snakke om begynnande mobbeåtfærd. Det er alltid den vaksne som har ansvaret for å skape og oppretthalde gode relasjonar. Kva for kompetanse krev det? Korleis få det til? Korleis jobbe systemretta med relasjonsbygging?

Jan Spurkeland har praktisk leiarerfaring som rektor, skulesjef og personalsjef, og han har lang foredragserfaring frå universitet, høgskular og barnehage- og skulesektoren. Spurkeland har også skrive fleire bøker, blant anna om relasjonskompetanse og relasjonspedagogikk.

Torsdag 15.10.2015: Felles / delt dag for barnehage og skule

Målgruppe:

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i kommunane, eigarar av private skular og ikkje-kommunale barnehagar, Fylkeskommunen, PPT-leiarar, KS, Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet.

Fellestema: *Lærande regionar - skulen som regionalt prosjekt* ved Jon P. Knudsen.

Sogn og Fjordane har prestert på topp i nasjonale prøvar i matematikk, norsk og lesing sjølv om inntekts- og utdanningsnivået i fylket er lågare enn det nasjonale gjennomsnittet. Kva kan vere grunnane til at elevar i Sogn og Fjordane likevel gjer det så bra? Tolv forskargrupper i prosjektet Lærande Regionar har forska på dette, og prosjektleiar for eit av delprosjekta, Jon P. Knudsen frå Universitetet i Agder, vil snakke om skulen som eit regionalt prosjekt.

Rådmann i Fræna kommune, Anders Skipenes, vil så frå skule- og barnehagenivået i kommunen seie noko om utfordringar og muligheiter kring samarbeid i fylket vårt.

Stortinget har gitt tilslutning til å gjennomføre ein kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Dette er naudsynt for å møte morgondagen sine utfordringar og stadig auka forventningar frå innbyggjarane¹. Kva for barnehagefagleg og skulefagleg kompetanse vil det vere behov for i dei nye kommunane?

Siste del av dagen vil barnehage og skule vere delt, og ulike korttema vil bli tatt opp. I tillegg vil Kari Bachmann legge fram resultata frå programmet «Den gode skuleeigar» for skulesektoren.

Opphaldsutgifter: Overnatting og opphald skal den enkelte sjølv gjere opp direkte med hotellet. Likeeins må avtale om evt. fakturering takast opp med hotellet i forkant.

- **Dagpakke for ikkje buande: 14.10 og 15.10** kr 465,- pr. dag
- **Middag for ikkje buande 14.10** : kr.395,-
- **Heilpensjon i enkeltrom 14.10-15.10:** inkl. alle måltid (frukost, lunsj x2 og middag 14.10) kr. 1765,-
- **Heilpensjon i dobbeltrom 14.10-15.10** inkl. alle måltid /frukost, lunsj x2 og middag 14.10) kr.1565 ,- pr. person
- **Overnatting med frukost i enkeltrom frå 13.10 til 14.10** kr. 950,-
- **Overnatting med frukost i dobbeltrom frå 13.10 til 14.10** kr 575,- pr.person

Påmelding: Bindande påmelding innan **25.09.2015**. Påmelding skjer elektronisk ved å følgje linken² under. Spørsmål om påmeldinga kan rettast til e-post: fmmrkurs@fylkesmannen.no, eller telefon 712 58 409 / 712 58 505.

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Kristin Øksenvåg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>

² <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fagdag-Barnehage-og-/>